

Emne:	Regionalt planforum - referat, Kommuneplan Voss herad		
Til stades:	Hans-Erik	Ringkjøb	Ordfører, Voss kommune
	Ingebjørg	Winjum	Ordfører, Granvin herad
	Reidar	Meel	Kommuneplankoordinator, Voss kommune
	Gunnar	Bergo	Plan- og miljøsjef. Voss kommune
	Arild	Steine	Prosjektleder, Voss herad
	Eva Katrine R.	Taule	HFK, plan - møteleder
	Liz Eva	Tøllefsen	HFK, plan - referent
	Tale	Halsør	HFK, klima
	Austrheim	Gunnbjørg	HFK, Fylkeskonservatoren
	Helene	Moe	HFK, Fylkeskonservatoren
	Gunnhild	Raddum	HFK, samferdsle
	Grete Katrine	Jacobsen	HFK, næring og folkehelse
	Kristoffer	Gilhus	HFK, eigedom
	Hilde Gunn	Stenseth	Statens vegvesen
	Egil	Hauge	Fylkesmannen (FMV)
	Randi	Øyen Afdal	Mattilsynet
	Toralf	Otnes	NVE
Sølvi	Morvik	Bane Nor	
Forfall:	Dir. mineralforvaltning		Sak 2018/7846
Møtetid:	26.03.2019 kl 1000 - 1200	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordland	

Møteleder: Eva Katrine Ritland Taule

Referent: Liz Eva Tøllefsen

Planforum 26.03.2019 Kommuneplan nye Voss herad

Innleiing ved Voss kommune (VK)

Kommunen har brukt kommuneplanprosessen som grunnlag for ein god prosess for kommunesamanslåing for nye Voss herad. Det vert utarbeidd ein felles samfunnsplan og arealdel for nye Voss herad. Kommuneplanen omfattar Voss kommune, Granvin herad og krinsane Tjoflot og Djønno i Ullensvang herad (deler av Oksenhalvøya). Oppstart av planarbeidet vart varsla 1.januar 2018, og planprogrammet vart vedteke 7.mars 2018. Målet med planforum er å kunne drøfte arbeidet så langt, med særskilt fokus på senterstruktur, men og nye moment i områdeplanen for Bømoen, framlegg ny arealbruk, samt utkast til føresengner og retningslinjer i KPA.

VK orienterte kort om korleis kommuneplanprosessen har verte gjennomført, og korleis politikarar og innbyggjarar har delteke. Arbeidet med samfunnsdelen har peika på 3 hovudstrategiar som samfunnsdelen og arealdelen skal byggja på:: Attraktive Voss, Innovative Voss og *Inkluderande Voss*. FN sine berekraftsmål skal gjennomsyre arbeidet og planane til kommunen, og tema som til dømes *Det grønne skiftet, folkehelse, sentrumsutvikling- og senterstruktur*, samt *innovasjon og utvikling* skal vere av stor betydning for arbeidet med planen. Funna frå arbeidet med samfunnsdelen peiker på at Vossevangen skal styrkast som regionsenter, men kommunen skal og stø opp om livet i grendene. Det bur folk i heile kommunen, og det er mange grender skal ivareta for framtida.

Senterstruktur

Det er viktig å sjå dei ulike sentra i kommunane i samanheng, då det er eit politisk ønske å oppretthalde busetting i heile kommunen. Nye Voss herad har eit stort areal, med mange livskraftige grender. Det er gjennomført ei bustadanalyse som dannar kunnskapsgrunnlag for korleis og kor kommunen skal vekse. SBB sine vekstprognosar tilseier 0,4 % vekst, som byggjer på utviklinga dei seinaste åra, men utbygging av K5 vil gjere Voss meir attraktiv som bustadområde, med god pendlerrute til Bergen. Einebustader er den dominerande bustadtypologien, og analysen synar at og mange einslege og hushald utan barn, bur i einebustader. Særskilt innanfor desse gruppene kan det vere behov for mindre og meir sentrale bustader. Vossevangen har eit mangfald av bustadtypologiar, men og her er det eit stort innslag av einebustader.

I 2015 vart den ytre sentrumsavgrønsinga definert gjennom arealdelen av KPA. No vert sentrumskjernen definert gjennom arbeidet med sentrumsplanen. KPA skal fastsette avgrønsing og innhald til dei andre sentra. Innbyggjarvekst er som hovudregel planlagt innanfor framlegg til definert senterstruktur, men med opning for å etablere einskilde småhus som fortetting i eksisterande bustadstrøk utanfor.

Ein kort gjennomgang av utkast til senteravgrønsing for lokal- og nærsenter følgde. For nærsenter varierer utstrekning frå 400 meter i radius (Bolstad) til om lag 800 m (Bjørgum), og kommunen reiste spørsmål om ikkje Myrkdalen (eit fritidssamfunn på drøyt 3000 bueningar) skulle vert definert som nærsenter, på tross at her ikkje fins eller ligg planar om offentlege tenester. Avstanden til næraste nærsenter, Vinje, er kort, og sentra vil kunne konkurrere om etableringar. Men kommunens haldning er at Myrkdalen skal ivaretakast som ein *landsby* med tenester retta mot fritidsmarknaden, og andre oppgavene skal leggest til Vinje.

Kommunen har lagt opp til 3 lokalsentre, kor Skulestamo og Palmafossen allereie har mykje areal avsett til detaljhandel. Her er og offentlege tenester som skule, barnehage og idrettsanlegg, samt mykje bustader, i hovudsak i form av einebustader. Granvin er planlagt som det 3. lokalsenteret, og har god arealreserve til bustadbygging. Skulestamo og Palmafossen ligger begge tett på Vossevangen, og har utfordringer knytt til etablering av handel. Kommunen ønsker at handel i desse områda skal balanserast mot tilboda på Vossevangen, og vil derfor berre i avgrensa grad tillate ny etablering her.

Det er politisk semje om at regionsenteret Vossevangen skal ta av for mykje av den planlagde veksten, og kommunen sikter mot at KPA vil leggje til rette for ca 70% av nye bustader vert etablert i regionsenteret.

Tilbakemeldingar:

FM Berekraftsdimensjonen er viktig og bra. FM setter spørsmål ved korleis vert intensjonane i samfunnsdelen fortolka inn i arealdelen. Saknar utgreiingar knytt til omsyn av naturmangfold og landskaphensyn, samt naturfare. Ber om at det vert synleggjort kva som skjer med eksisterande areal no avsett til utbygging, og rår til at det vert gjort ein vurdering på om noko skal tilbakeførast til LNF-område. Rår til at særskilt lokalsentra Skulestamo og Palmafossen vert avgrensa i størrelse og innhald, for at Vossevangen som regionsenter ikkje skal verte utfordra med nye handelsetableringar.

HFK -Integrert samfunns- og arealplanprosess som kommunen gjer no er en styrke, slik at det blir klåre samanheng mellom utfordringar og løysingar i plan.

- Kva er status på revidering av kulturminneplanen? VK melder at det vert jobba lite med kulturminneplanen akkurat nå, men den gamle planen er i bruk. Kunnskapsgrunnlaget er der, og skal trekkjast inn i ny KPA.
- Korleis når ein målet om *levende bygder*? Ein må våga å konsentrere tilbod, slik at møteplassar vert danna og dannar grunnlag for nettverksbygging i lokalsamfunnet. Det er bra at det er definert eit omland til sentrumsområdet, avsett som *byggesone*. Kommunen må definere kva som skal vere innhald her.
- Det er ikkje tydeleg korleis fordelinga av ny bustadbygging skal gjennomførast. Kor mykje vert tillate av spreidd bustadbygging?
- Framlegget skal legge opp til kompakte sentre, men alle senterområda er synt med for stor utstrekning. (Retningsline 2.3 i regional plan for attraktive senter rår til ei utstrekning på inntil 600 meter for

kommunesentre. red.anm.) Det er positivt at kommunen samlokaliserer og legg opp til sentral plassering for offentlege tenester som skule, barnehage og idrettsanlegg, men ei (for) stor utstrekning av senterområdet vil ikkje gje kommunen gode styringsverktøy til å sikre at viktige funksjoner som til dømes handel kjem på rett plass.

VK Kommunen syner framlegg til arealstrategiar. Tenestetilbod vil variere frå senter til senter, og det er ikkje planlagt for areal til nye fritidsbustader. Større satsingar skal lokaliseras i sentre og nye bustadfelt i definert omland til senter, men kommunen legg opp til at det skal vere mogleg å etablere nokre einskilde einebustader og i dei andre grendene, då som fortetting av eksisterande bustadområde.

SVV Kommunen syner satsing på mange stader i senterstrukturen. Kva slags vurderingar ligg bak i val av arealføremål ulike stader i kommunen? SVV saknar ei vurdering av trafikktryggleik, trong for kollektivtrafikk, sykkel, gange. **VK:** Alle sentra ligger på hovedvegnettet for transport, og har såleis god tilgjenge innbyrdes. Det vil verte gjort vurderingar i for dei ulike temaa for de konkrete felta som vert føreslegne med ny arealbruk. Alle nye forslag til bustadområder går gjennom ein *KU-light* før dei vert tatt med vidare.

NVE Vassdragsføring. Kunnskapsgrunnlaget om naturfare vert stadig betre. Dei rår til at vurderingar knytt til naturfare skal vere del av både arealstrategiane og nye felt som vert vurdert satt av til utbygging. FM: Rår til at kommunen signaliserar til utbyggere og andre at det kan finnast kvaliteter i området som til dømes verna vassdrag og kulturminne innanfor planområdet, sjølv om arealet vert avsett til senterområde.

Bane Nor (BN) Jernbanen er eit viktig kommunikasjonsmiddel, men kan og vere ei barriere – som på Palmafossen (beredskapsbane). Bane Nor har mykje dialog med kommunen og stor satsing på Vossevangen, og stasjonane på Evanger og Bolstad er under oppgradering. Utbygginga av K5 ved Arna-Stanghelle vil og verke positivt inn for Voss kommune ved at reisetida mellom Bergen-Voss kortast ned.

Svar frå salen var ikkje eintydige i spørsmålet om nærsenter i Myrkdalen, då området står i ein særstilling med tanke på «bebruarane», men at det var semje om at det kunne vere fornuftig å definere felt med formål som gjev anledning til å etablere handel i detaljplan, til senterområde i KPA. Men kommunen bør vere merksam på at andre sentre er sårbare for å verte svekka ved stor etablering i Myrkdalen, og ikkje gje rom for auka handelsetablering ut over kva eksisterande planar gjev hjemmel for.

Andre tema:

Områdeplan Bømoe. Kommunen synte til 2 motsegner (frå fylkesmannen og Direktoratet for mineralforvaltning) knytt til handsakinga av områdeplanen; bustader i konflikt med støy frå flyplass og omsyn til naturressursar. I framlegg til plan frå utbygger låg det inne areal til oppføring av opp mot 1000 nye bustader, kor ein del låg i gul støystone. Kommunen ønsker at eventuell ny bustadbebyggelse vert konsentrert rundt eksisterande skule og barnehage. Ny, revidert, støyrapport viser at planlagde bustadområder vil då verte liggande utanfor gul støysone. Grunnlaget for motsegn skal då falle bort.

Mineralressurser. Dir. for mineralforvaltning hadde motsegn mot planen på fleire punkt då det er kartlagt regionalt og kommunalt viktige grusførekomstar og reserve vasskjelde i planområdet. Drikkevasskjelda skal no vernast med omsynssone, men framlegget vil framleis opne for noko grusuttak, på vilkår og med rekkjefølgjekrav som sikrar mot forureining i kjelda. Då tidlegare areal avsett til bustadbygging no er teke ut, vil eit langt mindre areal over grusressursane bli nedbygde.

Ny arealbruk. Kommunen har motteke over 200 private innspel i høyringsperioden.

Fritidsbustader: I hovudsak skal det ikkje settast av nye felt til fritidsbustader, men kommunen ønsker innspel om eit konkret initiativ i Granvin; 90 einingar etablert som spreidd fritidsbustadbebyggelse. Feltet skal servast energimessig frå lokal vindkraft (Kitemill) som krev eigne formålsfelt, dei vil ha produksjon under konsesjonskravet. Knytt til hyttefeltet vert det og planlagt for aktivitetspark med med EI Zip-line over Granvinsvatnet.

Massedeponi. Kommunen vil ruste seg for å kunne ta i mot deponimassar frå planlagd ny statleg veg og bane. Deponi skal søkast utnytta som ressurs, og vart løyst delvis som utfylling i vassdrag, og der strandlinja i hovudsak tidlegare er utbygd. Områda for deponi er planlagd vist som temakart i KPA, ikkje aktuelt å legge inn som formål i denne fasen. Knytt til diskusjonen om deponi og ny arealbruk vert det og drøfta flytting av eksisterande Essostasjon på Kvåle. Ny lokalisering for *energistasjon* kan ha potensiell konflikt med eksisterande kulturminne (gravhaug).

Strandsone og Oksenhalvøya. Kommunen ønsker å legge inn generelt byggjeforbod med ei avgrensing på 50 meter frå sjø, mens plan- og bygningslova sett krav om 100 meter frå sjø.

Tilbakemeldinger

Mattilsynet ga uttrykk for at dei var nøgde med at det er planlagt å stille rekkefølgekrav i områdeplanen for Bømoen for å sikre vasskjelda i området. Det vart melt tilbake frå HFK og FM at ein reduksjon i tal på bustader og lokalisering nær eksisterande skule- og idrettsanlegg, var gunstig for å ikkje svekke balansen mot Vossevangen og dei andre sentra i kommunen.

FM: Omsyn til naturmangfald og friluftsliv er viktig i spørsmål om hyttebygging og zipliner. Ser at Vossavassdraget, eit sentralt vassdrag, kan vere i konflikt med ønske om massedeponi. Heller ikkje ideell lokalisering av energistasjon. Synte vindkraftsoner er lagt svært langt inn på fjellet, og bør revurderast av omsyn til landskap og friluftsliv.

BN Støtter knutepunktutvikling, har behov for gode byttepunkt ved stasjon, og god tilgjenge på stasjonsområda.

NVE Kritisk til å bruke vassdrag som areal for massedeponi.

SVV Etterlyser større fokus på trafikkikkerhet i ROS-analysearbeidet. Minner om at ny/endra arealføremål langs eksisterande veg, ikkje presser fram økonomiske prioritering hos statlege og fylkeskommunale mynde til nødvendige tiltak. Nemner særskilt at SVV og har behov for meir areal på Kvåle. Hovudrasteplass i regionen mellom Voss og Bergen, politi og SVV bruker arealet til kontroller. Eit fullverdig serviceanlegg krev stort areal til parkering, og friluftskvalitetar som eksisterande badeplass må ivareta i eit evt. framtidig tiltak.

HFK – Fylkeskonservator nemner at synte tiltak på Kvåle vil vere i klar konflikt med omsynet til kulturminne.

- planseksjonen etterlyser handelsanalyse som grunnlag for å dimensjonere handelsvolum i dei ulike sentra, og retningslinjer/føringar for planlagd innhald i sentra. Det må jobbast meir med å konsentrere senterområda.

- Klimaseksjonen stiller seg bak NVE sine vurderingar. - Samferdsel: vektlegger samordna transport- og arealplanlegging; støtter opp om tilbakemeldingane som er gitt. Næringseksjonen: Rår til å vare ta landbruksnæring, gjennom å verne matjord i KPA.

Sluttkommentar frå møteleiar:

HFK rår til at kommunen kommer ein ny runde i planforum før planen vert lagt ut på høyring. Ny arealbruk, senteravgrensing og KU er tema som bør arbeidast meir med og kor regionale og statlege mynde vil kunne ha viktige innspel. HFK har ønske om en prosess utan motsegnpunkt, og anbefalar tett dialog og planforum som møtearena. Vi stiller oss til rådighet for det vidare planarbeidet.

Sluttkommentar frå kommune

Framdriftsplanen er stram, men prøver å stille i planforum igjen når arbeidet nærmar seg en avslutning. Alternativt fylgjar dei opp direkte med aktuelle partar.